



Kystsoneplan - Styringsgruppa

Referat frå:		Møtedato:	10.02.2017	Tid:	09:30-14:30
Møteleiar:	Kjell Håland	Møtestad:	Engesund Visningsanlegg, Fitjar	Arkivsak:	
Referent:	Snorre Waage	Ref.dato:		Arkivnr.:	
Deltakarar:	Kjell Håland, Wenche Tislevoll, Anne-Beth Njærheim, Kjartan Innbjø, Odd Harald Hovland, Eva Katrine Taule, Turid Verdal, Karoline Eldøy, Snorre Waage				
Fråvær:	Jostein Ljones				
Kopi til:					

Møte i Styringsgruppa – Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Dagsorden:

1. Referat frå sist møte 16.12.16
2. Vidare prosess og framdriftsplan
3. Juridiske avklăringer knytt til plankart og omsynssoner/arealsoner jmf brev frå ordførarane i Tysnes og Austevoll
4. Gjennomgang av revidert planframlegg
5. Diskusjon

Kjell Håland ønsker velkommen til styringsgruppemøte.

1: Referat frå sist møte 16.12.16

- Referatet vart godkjent.

2. Vidare prosess og framdriftsplan

Eva Katrine Taule orienterte. Ønsker 6 vekers høyringsperiode. Dette inneberer at ein må sende planforslag på avgrensa høyring allereie neste veke (veke 7).

- Planforslag bør handsamast i kommunestyrane. Det er difor ein viktig problemstilling når kommunane har sine kommunestyremøter. Styringsgruppa meiner det er viktigare å forankre/handsame planforslaget i kommunestyrane enn å rekke vedtak av plan i Fylkestinget i juni.
- Administrasjonen informerer om at det er eit sterkt ønske frå administrativ leiing i fylket om vedtak i juni.
- Det ser ut som om Fitjar, Fusa og Tysnes vil få utfordringar med å rekke å handsame kommunestyret innan fristen på 6 veker.
 - Viktig å gi reelle høyringsmoglegheiter til kommunane.
 - Mogleg med handsaming i formannskap eller ekstraordinære kommunestyrer.
 - Styringsgruppa ønskte ein klargjering på kva som er forskjellen på full høyring og avgrensa høyring:
 - Ved avgrensa høyring:
 - Styringsgruppa som sender på høyring (ikkje politisk utval i Fylket)
 - Opnar ikkje for nye innspel

- Definerer sjølv kven ein sender til. Denne avgrensa høyringa er tiltenkt aktuell offentleg forvaltning, næringa og kommunane.
- Det må vere samspele mellom den regionale planen og den interkommunale strandsoneplanen. Det vert vist til vedtak i kultur- og ressursutvalet (KURE) om samkøyring mellom planane. Kan ikkje legge fram føresegner i regional plan som ikkje er i samsvar med interkommunal plan. Administrasjonen meiner no å ha eit planforslag som ikkje er i strid med den interkommunale strandsoneplanen.
- **Styringsgruppa konkluderer med at vi forsøker å gå fram i samsvar med framlagt framdriftsplan, med vedtak i Fylkestinget i juni 2017.**
- Neste og siste møte i styringsgruppa vert den 31. mars 2017
- Det skal arrangerast dialogmøter i høyringsperioden. Styringsgruppa kom fram til følgjande opplegg for dialogmøte:

Dato:	Dialogmøte med:	Kor:
09. mars	Sjømat Norge	Bømlo
21. mars	Austevoll og Tysnes kommunar (felles dialogmøte om kommunane ønskjer dette). Alternativ dato 23. mars	Tysnes eller Austevoll
24. mars Kl: 0900	Samarbeidsrådet for interkommunal strandsone, inkludert Fylkesmannen i Hordaland	Bergen (Fylkeshuset)
Eva Katrine følger opp og sender snarleg ut informasjon/innkalling.		

3. Juridiske avklåringar knytt til plankart og omsynssoner/arealsoner jmf brev frå ordførarane i Tysnes og Austevoll:

Orientering frå Eva Katrine Taule. Presentasjon er vedlagt.

Innspel frå gruppa

- Arealsoner og plankart i regional plan vert av fleire kommunar oppfatta meir som restriksjonar og hinder for utvikling, enn som eit hjelpemiddel for kommunal planlegging.
- Kommunane har vore med i prosjektgrupper til kystsoneplanen, og har vore med å definere kva som ligg i plankartet. Overraskande at kommunane no er kritiske.
- Planen skal både legge til rette for næringa og samstundes sikre ivaretaking av andre viktige verdiar. Utgangspunktet for planarbeidet er å balansere dette.
- I den administrative møteserien med kommunane etter høyringa, opplevde administrasjonen at kommunane er positive til planen og korleis kommunane kan bruke denne.
- Planprogrammet var tydeleg på at noen område med regionale verdiar for kulturminne, friluftsliv, naturmangfald og landskap skulle utpeikast i regional plan for kystsona.

4. Gjennomgang av revidert planframlegg

Eva Katrine Taule går gjennom notatet (endringar til avgrensa høyring) som vart send ut til styringsgruppa før møtet.

Endringar i planomtalen:

Innspel frå gruppa:

- Retningsliner for Arealsoner:
 - 3.1.2: Retningslinja kan være utfordrande, jf. ønske om flytting.
Administrasjonen påpeikar at den ikkje har tilbakeverkande kraft, og at det gjeld for akvakultur, ikkje på land.
- Retningsliner for Akvakultur
 - 2.16: Ingen vesentlege innspel til denne
- Retningsliner for Strandsone
 - 2.32: Administrasjonen meiner at det nye forslaget er forsonleg med interkommunal strandsoneplan.
 - 2.32: Understrekker viktigheten av at regional og interkommunal plan er samkøyrde. Viktig med dialog med arbeidet med interkommunal strandsoneplan. Formuleringsa i regional plan er ok iif interkommunal kystsoneplan.
 - 2.42: Innspel: Retningslina i regional plan vert tilpassa slik at den er meir lik det som er føreslått i interkommunal plan. Støtte for dette i gruppa.
 - Det vert avslutningsvis sagt at det ikkje nødvendigvis er konflikt mellom retningslinene i regional og interkommunal plan, men planane må samkøyrast og det må vere dialog på tvers planarbeida. Det er tru i styringsgruppa på at ein kan samsnakke for å vere samde om retningsliner mellom regional og interkommunal plan.

Endringar i plankart:

Diskusjon / Innspel frå gruppa:

- 2 (a-d) Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne:
 - For Fitjarøyane/ Fitjar kommune er det utfordrande med arealsone landskap.
 - Det ble gitt ein metodisk gjennomgang av bakgrunnen for endringar i kart. Regional plan er overordna og retningsgivande, den endelege arealbruken vert definert i kommuneplan.
 - Dei grøne sonene (arealsone landskap) er ikkje eit nytt kartlag/verdivurdering, men ein samling av allereie eksisterande registrerte verdiar synleggjort som ein arealsone landskap i regional kystsoneplan.
 - Ingen vesentlege innspel til dei andre punkta under endringar i plankart

Det var i tillegg lagt fram eit forslag til ny retningsline:

§ 3.5: *Arealsone sjø og vassdrag generelt (eks AK).*

3.5.1 Område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene er likestilte.

- Innspel: Vurder at ein legg til døme (fiske, ferdsel, natur, friluftsliv.)